

Tur til Skorpefjellet etter gudstenesta**28.07.2010**

**Etter gudstenesta på Skorpo på sundag vert det skipa til tur til Skorpefjellet.
Turleiarar vert Kjell Yri og Kristian Bringedal**

Tilkskipar er Uskedalen Utvikling.

Turen tek til straks gudstenesta er ferdig,- i 15-tida.

Frammøteplassen er i Skorpevågen hos Ole Kristoffer Vågen.

Det er ein lett og fin tur i eit vakkert landskap.

Det vert orientert om geologi, biologi, kultur- og naturminne.

Vektlagde tema vert mellom anna:

* Busetnad og gardssoga

* Gamalt tun : Oppe i Skorpo/Tunet i det blå

* Husmannsplassen i Øredalen: Herborgstova og segna om Trollkalven

* Jettegrytene

Turen er gratis.

Dersom det er stor interesse, vert det sett opp skyss på returnen.

Elles reknar vi med at dei fleste har skyss sjølve.

Vi oppmodar om at dei som har færing, ror til Skorpo denne dagen.

Tilreisande, turistar og hytte- og båtfolk vert særleg inviterte til ta del ituren.